

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Fagskolen Vestland, studiestad Nordnes, Festsalen
Dato:	30.03.2023
Tid:	Kl 0900-1300

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til wenche.irene.setrevik.jensen@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemmer i styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09:00-0930	Orientering frå rektoratet
0930-1030	Sakshandsaming
1030-1130	Presentasjonar frå utdanningsleiarar
1130-1200	Lunsj
1200-1300	Presentasjonar frå utdanningsleiarar
1300-1400	Omvisning

Sigurd Erlend Reksnes

Styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv - saknr	U.Off
GK 04/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 05/23	Godkjenning av møteprotokoll frå 27.01.2023	2022/486	
Referatsaker			
RS 04/23	Tildelte studieplassar 2023	2022/486	
Vedtaksaker			
VS 03/23	Årsmelding 2022 for Fagskulen Vestland	2022/486	
VS 04/23	Budsjett 2023 og årsregnskap 2022	2022/486	

Saksnr:	2022/486-78
Saksbehandlar	Wenche Irene Sætrevik Jensen
Dato:	24.03.2023

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Tildeling av nye studieplassar 2023

I Statsbudsjettet for 2023 vart det løyva 500 studieplassar til fagskulesektoren. Det vart løyvd 20 mill. i 2023 og ein opptrapping til 40 mill. for 2024. Ein studieplass er berekna å koste 80 000 pr 60 studiepoeng. Fylkeskommunane har forvaltningsansvar for fagskulane med offentleg tilskot, det er difor fylkeskommunane som har søkt HK-DIR om nye studieplassar. Vestland fylkeskommune blei tildelt etter søknad 60 studieplassar noko som til svarar 2,4 mill. i 2023 og 4,8 mill. i 2024.

Fagskulen Vestland søkte Vestland fylkeskommune om 110 studieplassar a`60 studiepoeng. Totalt kunne vi innafor denne søknaden auke med om lag 270 deltakarar. Dette fordi at fleire av studiane vi søkte studieplassar til har ein progresjon med 30 studiepoeng pr år. Ein studieplass vil innanfor ein slik progresjon gje to deltakar. Føresetnaden er at ein studieplass a`60 studiepoeng kostar 80 000.

Fagskulen Vestland har etter tildelinga som Vestland fylkeskommune har gjort, mottatt driftsmidlar for nye studieplassar i størrelse kr 1 187 007 noko som betyr midlar nok til å drifte 29,6 studieplassar. Fagskulen Vestland har fått tilskot til å drifte studiar innan Velferdsteknologi, Leing i havbruksoperasjonar og Psykisk helse- og rusarbeid.

Vedlagt følger brev frå opplæringsavdeling ved Vestland Fylkeskommune

FAGSKULEN VESTLAND NORDNES
Postboks 1876 Nordnes
5817 BERGEN

Dato	01.03.2023
Vår referanse	2022/82373-21
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Christine Hansen Rongevær
E-post	Christine.Hansen.Rongever@vlfk.no
Telefon	48861557

Tildeling av studietilbod høgare yrkesfagleg utdanning for 2023. Fagskulen Vestland.

Vi viser til digital søknad frå Fagskulen Vestland om tilskot til studietilbod høgare yrkesfagleg utdanning for 2023, Dykkar dato 14.12.2022, vår ref. 2022/82373-5.

Tilskot 2023

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune har tildelt skulen tilskot til dei nye studietilboda i tabellen under for 2023.

Drift av studietilboda, slik det går fram av tabellen, er rekna å ha ei samla tilskotsramme for 2023, stor kr. 1 187 007.

Studietilbodets namn	Studiestad	Nye tilbod		Studie- plassar	Studie poeng
		Startdato	Sluttdato		
Velferdsteknologi	Førde	14.08.2023	18.06.2025	25	60
Leiing i havbruksoperasjonar	Måløy	14.08.2023	18.06.2025	25	60
Psykisk helse og rusarbeid	Nordnes og Førde	14.08.2023	18.06.2025	20	60

Utbetaling av tilskot

Vestland fylkeskommune gjennomfører utbetaling av tilskot for vårsemesteret og haustsemesteret. Ettersom tilbodet startar opp til hausten vil første brev om utbetaling sendast skulen til hausten.

Tilskotsgrunnlag

Vestland fylkeskommune nyttar satsar i tråd med tilrådinga frå Forum for fylkesutdanningsjefar (FFU) med utgangspunkt i helsefaga, inkludert løns- og prisvekst.

Sats per heiltidsekvivalent student 2023

	Stadbasert	Nettbasert
Grunntilskot (80%)	74 710	51 690
Resultatbasert tilskot (20%)	18 680	12 920

Sats for det resultatbaserte tilskotet gjeld for éin studiepoengeining (60 stp.).

Retningslinjer for tildeling

Vestland fylkeskommune følger disse retningslinjene for tilskotsordninga 2023:

- Finansieringa vert gitt med eit grunntilskot (80 %) og eit resultatbasert tilskot (20 %)
- Tilboda skal vere stykkprisfinansiert, men i det praktiske arbeidet vil ein operere med grupper. Det vil seia at tilskotet vil verta vidareført for respektive gruppe i minst eitt år
- 2 satsar: 1 sats for stadbaserte tilbod og tilbod med nettstøtte og fysiske samlingar, og 1 sats for reine nettbaserte tilbod
- Fagskulane vil få resultatbasert tilskot i 2023 basert på studiepoengeiningar (60 stp) produsert i 2021
- Studentane vert talt éin gong i året – studenttalet per 1. oktober kan danne grunnlaget for tilskot kvart år

Overordna mål for fagskulesektoren

Kunnskapsdepartementet har sett fire mål for tilskotsordninga som fylkeskommunane skal følgje opp i arbeidet med forvaltning av fagskulesektoren.

- Høg kvalitet i fagskuleutdanning
- Yrkesretta fagskuleutdanning
- God tilgang til fagskuleutdanning
- Effektiv og solid fagskulesektor

Vestland fylkeskommune har presisert kriteria for tildeling av tilskot som svar på kompetanseutfordringar i fylket og gjennomføring av tilboda. I arbeidet med tildeling av tilskot vil fylkeskommunen særskilt leggja vekt på:

- Studietilbod som svarar på etterspurnaden etter høgare yrkesfagleg kompetanse i fylket
- Studietilbod som er tilpassa det å ha jobb under studia
- Gjennomføring, dvs. tal studentar som gjennomfører studiet
- Studietilbod med gruppestorleik minimum 15 studentar. Studietilbod med lågare deltaking vert vurdert i høve til etterspurnaden etter respektive fag

Fagskulen skal rapportere

Fagskular som får offentleg tilskot, skal rapportera både studentdata og økonomidata til DBH-F innan fristane frå DBH-F. I tillegg ønskjer Vestland fylkeskommune å få tilsendt den årlege årsmeldinga/kvalitetsmeldinga som vert laga i samband med fagskulen sitt NOKUT-godkjente kvalitetssystem.

Studentdata til DBH-F vert rapportert inn med fristane 15. mars, 15. august og 15. oktober kvart år. Teljedatoen 1. oktober med rapporteringsfrist 15. oktober dannar grunnlag for eventuell justering av tilskota. Vidare skal det leverast endringskommentarar i høve til eventuelle større endringar i avlagte studiepoeng innan 30. april. Fagskular som skal gje slike kommentarar, får melding frå DBH om dette.

Høve til å klaga

Fagskulane har høve til å klaga på fylkeskommunen sitt vedtak om tildeling av tilskot, jf. Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker § 28. Fylkestinget er klageinstans.

Med helsing

Tor Ivar Sagen Sandvik
seksjonssjef
OPK - Kompetanse

Christine Hansen Rongevær
rådgjevar
OPK - Kompetanse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift



Regjeringen deler ut penger til fagskoler i alle fylker

Pressemelding | Dato: 21.02.2023 | [Kunnskapsdepartementet](#)

(<http://www.regjeringen.no/no/dep/kd/id586/>)

Fagskoler over hele landet får 20 millioner kroner til 500 nye toårige studieplasser fra høsten 2023. – Dette er et betydelig løft i en viktig sektor, og vil sikre at enda flere får tilgang til utdanninger skreddersydd til arbeidsmarkedets behov, sier forsknings- og høyere utdanningsminister Ola Borten Moe (Sp).

Fagskoler tilbyr korte, yrkesrettede utdanninger som ofte er tilrettelagt slik at man kan kombinere utdanningen med jobb. I NHO sitt kompetansebarometer for 2022 meldte 53 prosent av bedriftene at de manglet folk med fagskoleutdanning.

Det er særlig mangel på folk innenfor bygg- og anlegg, industrien og IKT. Også det offentlige mangler folk med høyere yrkesfaglig utdanning, innenfor helse-, pleie - og omsorgsykker.

– Vi vet at arbeidslivet har et stort behov for ansatte med høyere yrkesfaglig utdanning. De 500 nye studieplassene blir viktige for å tette dette kompetansegapet, sier Borten Moe.

Fullt opptrappet er dette en økning av antall studieplasser på 14 prosent fra dagens nivå.

– Regjeringa vil gi fagskolene en enda viktigere rolle og vil prioritere både vekst og kvalitet for å møte framtidens kompetansebehov. I tillegg til flere studieplasser er det i statsbudsjettet for i år også bevilget 52 millioner kroner som blant annet skal gå til å utvikle nye fagskoletilbud, sier Borten Moe.

Oslo, Viken, Innlandet og Vestland får flest studieplasser

Det er fylkeskommunene som har ansvar for fagskolene. I høst ble de invitert til å søke om midler til nye studieplasser. Flest søkte om midler til studieplasser innen helse- og oppvekstfag og tekniske fag.

– Fagskolene er helt sentrale for å utvikle utdanningstilbud som svarer på de utfordringene samfunnet står overfor. Digitalisering og en aldrende befolkning gjør at behovet for disse studieplassene er stort, sier Borten Moe.

Det er Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir) som har fordelt midlene, men det er opp til fylkeskommunene å bestemme hvordan pengene skal fordeles til den enkelte fagskole.

Fylkeskommune	Nye studieplasser	Halvårseffekt 2023
Agder	35	1 400 000
Innlandet	60	2 400 000
Møre og Romsdal	10	400 000
Nordland	10	400 000
Oslo	95	3 800 000
Rogaland	50	2 000 000
Troms og Finnmark	35	1 400 000
Trøndelag	48	1 920 000
Vestfold og Telemark	25	1 000 000
Vestland	60	2 400 000
Viken	72	2 880 000
Total	500	20 000 000

Kunnskapsdepartementet

TEMA

Fagskoleutdanning



Regjeringen.no

Ansvarlig for [Kunnskapsdepartementets sider](#):

Ansvarlig redaktør: [Fungerende kommunikasjonssjef Cathrine Slaaen](#)

Nettredaktør: [Tuva Gaarder Nordlie](#)

Telefon: +47 22 24 90 90

E-post: postmottak@kd.dep.no

Ansatte i KD: [Depakatalog](#)

[Personvernerklæring for KD](#)

Organisasjonsnummer: 872417842

Saksnr: 2022/486-76**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 03/23	30.03.2023

Årsmelding 2022 for Fagskulen Vestland**Forslag til vedtak**

1. Årsmelding for 2022 vert teke til orientering og sendt til skuleeigar.

Samandrag

I denne saka vert Fagskulen Vestland si årsmelding for 2022 lagt fram for handsaming i styret. Årsmeldinga syner dei viktigaste aktivitetane gjennom året, samt årsrekneskap for 2022. Det vert tilrådd at styret tek årsmeldinga for 2022 til orientering, og at den vert sendt vidare til skuleeigar.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Wenche Irene Sætrevik Jensen
Rådgivar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka


I denne saka vert Fagskulen Vestland si årsmelding for 2022 lagt fram for handsaming i styret. Årsmeldinga syner dei viktigaste aktivitetane gjennom året, samt årsrekneskap for 2022. Dette er det fyrste året skulen har vore Fagskulen Vestland.

Vedtakskompetanse

Styret er øvste styringsorgan for Fagskulen Vestland jf. fagskulelova § 9. Av vedtektene til fagskulestyret, § 2-1 andre ledd, er styret økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning ved skulen. Styret er også ansvarleg for kursverksemd og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk

Konklusjon

Det vert tilrådd at styret tek årsmeldinga for 2022 til orientering, og at meldinga vert sendt vidare til skuleeigar.



Årsmelding 2022

Fagskolen Vestland



Fagskolen
Vestland fylkeskommune

Innhold

Årsmelding for Fagskolen Vestland 2022	2
1. Styret for Fagskolen Vestland	2
1.1. Medlemar i styret	2
1.2. Møteaktivitet og saker som styret har handsama	3
2. Aktivitet ved Fagskolen Vestland	3
2.1. Visjon og strategiplan for Fagskolen Vestland 2023-2027	3
2.2. Ny prorektor for utdanning	5
2.3. Studenttimetal	5
2.4. Utdanningstilbod og studenttal i 2022	5
2.5. Nye utdanningstilbod i 2022	5
2.6. Prosjektmidlar	6
3. Årsrekneskap 2022	7

Årsmelding for Fagskolen Vestland 2022

1. Styret for Fagskolen Vestland

Styret er det øvste styringsorganet for Fagskolen Vestland, og hadde i 2022 ni medlemmar. Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse stilte i møta som fast observatør.

Styret er med heimel i fagskulelova mellom anna ansvarleg for kvalitet i utdanninga, drift og dimensjonering av utdanningstilbodet ved fagskolen og studentane sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø.

1.1. Medlemar i styret

Vår	Haust
Emil Gadolin (leiar) <i>Eigarrepresentant (A)</i>	Emil Gadolin (leiar) <i>Eigarrepresentant (A)</i>
Sigurd Erlend Reksnes (nestleiar) <i>Eigarrepresentant (SV)</i>	Sigurd Erlend Reksnes (nestleiar) <i>Eigarrepresentant (SV)</i>
Rosalind Fosse (medlem) <i>Eigarrepresentant (FRP)</i>	Rosalind Fosse (medlem) <i>Eigarrepresentant (FRP)</i>
Sonja Merethe Øvre-Flo (Medlem) <i>Eigarrepresentant (H)</i>	Sonja Merethe Øvre-Flo (Medlem) <i>Eigarrepresentant (H)</i>
Bård Sandal (medlem) <i>Eigarrepresentant (Adm.)</i>	Bård Sandal (medlem) <i>Eigarrepresentant (Adm.)</i>
Ann-Kristin Kristoffersen (medlem) <i>Arbeidslivsrepresentant NHO</i>	Ann-Kristian Kristoffersen (medlem) <i>Arbeidslivsrepresentant NHO</i>
Nils Petter Støyva (medlem) <i>Arbeidslivsrepresentant LO</i>	Nils Petter Støyva (medlem) <i>Arbeidslivsrepresentant LO</i>
Sjur Inge Veim (medlem) <i>Tilsettrepresentant</i>	Sjur Inge Veim (medlem) <i>Tilsettrepresentant</i>
Petter Reistad (medlem) <i>Studentrepresentant</i>	Trym Gudmundsen (medlem) <i>Studentrepresentant</i>

1.2. Møteaktivitet og saker som styret har handsama

I 2022 vart det gjennomført åtte ordinære styremøtar. I tillegg vart to møter gjennomført ved eposthandsaming.

Kvart år er det nokon faste saker som vert handsama av styret og dette er: budsjett, rekneskap, tilbudsstruktur, fagskulen si kvalitetsmelding.

Andre viktige saker som vart handsama i 2022 er

- Strategi Fagskulen Vestland 2023-2027
- Studenttimetal
- Tilsetting av prorektor

2. Aktivitet ved Fagskulen Vestland

Det har vore høg aktivitet ved Fagskulen Vestland i 2022. Vidare vert dei viktigaste hendingane ved fagskulen i 2022 omtalt.

2.1. Visjon og strategiplan for Fagskulen Vestland 2023-2027

På styremøtet 08.12.22 vedtok styret Visjon og strategiplan for Fagskulen Vestland 2023-2027.

Visjonen er:

«Fagskulen Vestland – Den føretrekte tilbydaren av kompetanse for arbeidslivet i Vestland»

Fagskulen skal:

- Halde fram med vekst innan utdanningar som arbeidslivet har behov for, og som studentane ønskjer.
- Skape den beste fagskulen for både tilsette og studentar.
- Utvikle og utforske nye måtar og organisere utdanningane på. Stikkord her vert fleksibilitet og desentraliserte tilbod
- Arbeide aktivt saman med arbeidslivet om å utvikle utdanningar tilpassa deira behov. Arbeidslivet skal vere trygg på at vi er ein truverdig samarbeidspartnar.
- Ha tydeleg fokus på berekraft og grøn omstilling innan alle fagområda.
- Arbeide med FN sine berekraftsmål i alle utdanningar.
- Knyte til oss fleire dyktige lærarar slik at vi framleis kan levere undervisning på høgt nivå.
- Sjå på nye modellar og metodar for organisering av undervisninga.
- Utvikle dei åtte studiestadane som Fagskulen har gjennom mellom anna å sameine felles fagmiljø på tvers av studiestadane.
- Arbeide med å betre læringsmiljøet til dei samlingsbaserte og heildigitale tilboda.
- Arbeide for å etablere fleire «studiestover» saman med næringslag, kommunar og arbeidslivet.
- Utvikle ein heilskapleg visuell profil, slik at Fagskulen Vestland vert den naturlege karrierevegen for fleire. Vi skal bli meir synleg i det offentlege ordskiftet og synleggjere verdien av å gjere dei kloke hendene endå klokare.

Det vart vedteke at fagskulen i denne perioden skal ha tydelege satsingar innan fire strategiske område for å støtte opp under visjonen og å arbeide mot dei målsettingane som følger av den:

A: Arbeidslivsrelevans

- Vi skal ta inn det grønne skiftet som tydelege tema i eksisterande studieplanar og når vi utviklar nye studieplanar.
- Vi skal vere aktiv i satsinga innan karbonnøytrale energikjelder, sirkulærøkonomi og berekraft.
- Vi skal vere aktiv i satsinga innan digitalisering.
- Vi skal saman med arbeidslivet utarbeide nye metodar for å avdekke kompetansebehov.
- Vi skal samarbeide tett med arbeidslivet om utvikling av nye studium. Det skal etablerast faste samarbeidsforum mellom utdanningane og arbeidslivet.
- Vi skal utvikle ein internasjonal satsing som inneber mobilitet for studentar og tilsette, samarbeid om å utvikle nye utdanningar og å tilby nye utdanningar internasjonalt.

B: Profesjonalisering

- Vi skal vere ein attraktiv arbeidsplass med høg fagleg kvalitet i alle ledd.
- Vi skal utvikle gode system som har dei tilsette og studentane sine behov i fokus og som tek vare på rettigheter og sikrar likebehandling.
- Vi skal utvikle dei åtte studiestadane gjennom mellom anna å sameine og styrke fagmiljø på tvers av studiestadane.
- Fagskulen Vestland skal vere prega av gode system for medverking slik at studentane og dei tilsette kan delta med å utvikle skulen.
- Vi skal bruke dei ulike undersøkingane (studentar og tilsette) aktivt i kvalitets- og utviklingsarbeidet.
- Vi skal arbeide for å verte institusjonsakkreditert mellom anna gjennom å arbeide mot ISO-godkjenning av institusjonen innan 2024.

C: Læringsmiljø

- Vi skal ha ein institusjon prega av høg grad av studentmedverknad. Det skal etablerast lokale studentråd.
- Vi skal ha høg kvalitet i undervisninga, og god og føreseieleg oppfølging mellom samlingane for nettstudentane. Studentaktiv læringsmetodikk skal prege opplæringa.
- Vi skal utforske nye modellar for organisering av utdanningane.
- Vi skal saman med arbeidslivet, kommunar og næringslag eller liknande etablere «studiestover», slik at det vert skapt eit godt læringsmiljø for dei studentane som følgjer eit fleksibelt studieløp.
- Vi skal utvikle studentdemokratiet og bygge vidare på arbeidet med Sammen (Studentsamskipnaden på Vestlandet)
- Vi skal vidareutvikle ordninga med studentassistentar.

D: Vere synleg.

- Vi skal utvikle ein strategi for marknadsføring og kommunikasjon.
- Vi skal utvikle ein heilskapleg profil for Fagskulen Vestland.
- Vi skal delta i ulike fora både nasjonalt og regionalt og vere tydeleg i det offentlege ordskiftet.
- Vi skal halde fram med arbeidet med samarbeidsorganet Utdanning i Bergen.
- Vi skal arrangere karrieredagar saman med studentrådet.
- Vi skal etablere Fagskulen Vestland sitt alumninettverk.

2.2. Ny prorektor for utdanning

I juli vart stillinga som prorektor utdanning lyst ut. Det meldte seg 9 søkjarar. Ettar ein grundig vurdering vedtok styret 23.09.22 å tildele Eilert Årseth stillinga.

2.3. Studenttimetal

På styremøtet 08.12.22 vart modell for studenttimetal ved Fagskulen Vestland vedtatt. Bakgrunnen for dette var behovet for å harmonisere organiseringa mellom dei to tidlegare fagskulane, og samtidig tilpasse seg organiseringa ved andre fagskular.

Den nye modellen legg opp til maksimalt 900 timer timeplanfestet tid for 60 studiepoeng. Vidare gir den nye modellen auka fleksibilitet gjennom at han opnar for å flytte undervisningstimar mellom ulike emne og årstrinn innanfor dei ulike studietilboda. Denne fleksibiliteten er naudsynt for å styrke fagskulens konkurransekraft.

2.4. Utdanningstilbod og studenttal i 2022

Hausten 2022 var det til saman 1806 studentar ved Fagskulen Vestland fordelt på 32 ulike utdanningstilbod. Av dei 1806 studentane studerte 1288 ved studiar som anten var reine nettstudiar, eller nettbaserte studiar med samling, medan resterande studentar studerte ved stadbaserte utdanningar.

Våren 2022 var det 496 studentar som bestod ei utdanning ved Fagskulen Vestland. Dette er ei nedgang frå året før da det var 565 studentar som bestod ei utdanning ved Fagskulen.

2.5. Nye utdanningstilbod i 2022

I 2022 søkte Fagskulen Vestland om akkreditering av følgjande utdanningstilbod:

- Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre. (30 stp) Nettbasert med samlingar. Samarbeid mellom Fagskulen Vestland, Luranetunet og Bjørnafjorden kommune. Saka er framleis under behandling hos Nokut.
- Gastronomisk reiseliv (30 stp) Utdanningsform nettbasert med samlingar, Studiestad Hjeltnes. Saka er framleis under behandling hos Nokut.
- Pommelier (30 stp) Utdanningsform nettbasert med samlingar, studiestad Hjeltnes. Saka er framleis under behandling hos Nokut.

I 2022 starta Fagskulen Vestland opp følgjande nye utdanningstilbod:

- EX-Elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege område (10 stp) med utdanningsform Nettbasert med samlingar ved studiestad Stord og Bergen.
- Odda: Oppstart av kompetanseheving for 200 industriarbeidarar knytt til Boliden og Tizir, (no Eramet) i industri 4.0- digitalisering og robotisering.

I 2022 søkte Fagskulen Vestland om å endre følgjande utdanningstilbod:

- Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta. (60 stp) var akkreditert for utdanningsform stadbasert, søkt om å også bli akkreditert for utdanningsform: nettbasert. Videre vart det søkt om og innvilga å endre namnet på utdanninga frå «spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta» til «Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta». Videre vart det søkt om og innvilga å leggje til 4 nye overordna læringsutbytebeskrivingar. Til slutt vart det også søkt om og godkjent å leggje til Førde som studiestad.
- Psykisk helsearbeid og rusarbeid. (60 stp) var akkreditert som stadbasert, søkt om å også bli akkreditert for utdanningsform nettbasert. Videre vart det søkt om og godkjent endringar i dei overordna læringsutbytebeskrivingane slik at dei vart i samsvar med den nasjonale planen.
- Boring (120 stp). Boring gjekk frå å ha studieform «stadbasert» til også å ha akkreditering som utdanningsform «nettbasert med samlingar»

2.6. Prosjektmidlar

I 2022 fekk Fagskulen Vestland innvilga totalt kr. 16 451 497,- til seks nye prosjekt for 2022/23. Det vart søkt om midlar til nye prosjekt under ulike tilskotsordningar ved HKdir.

Tilskota var som følgjer:

Prosjektnamn	Tilskotsgivar og ordning	Tilskot
Industrifagskulen, rammetildeling	HKdir	1 428 368
Industrifagskulen	HKdir	5 843 325
Fagarbeiderspesialisering	HKdir	6 950 000
Oppgradering boresimulator	HKdir	912 500
Utv. Av opplæringsprogram for digital lastesimulator	HKdir	432 800
Oppgradering navigasjonssimulator	HKdir	885 000
6 prosjekt		16 451 497

3. Årsrekneskap 2022

Rekneskapsåret 2022 er det fyrste året med samanslått Fagskule. Rekneskapen ble slått saman frå 01.08.2023. Rapporten har såleis vært krevjande å sette saman. I FAS har de hatt ein anna modell for budsjettering og rekneskap der dei mellom anna har samla undervisninga på de ulike utdanningane, men i FAV er kvar utdanning budsjetter og rekneskapsført for seg.

STAD	TILSKOT	VLFK	TOTALT
Hordaland	kr 111 045 071,00	kr 12 785 000,00	kr 123 830 071,00
Sogn&Fjordane	kr 20 206 282,00	kr 10 194 000,00	kr 30 400 282,00
Budsjettregulering		kr 765 575,00	kr 765 575,00
TOTALT	kr 131 251 353,00	kr 23 744 575,00	kr 154 995 928,00


Tabell 1. Ophaveleg budsjett 2022 for Fagskulen Vestland med utgangspunkt i dei gamle einingane.

Budsjettreguleringa som vert vist i tabell 1 inneheld utstyrsmidlar, oppattløyving, parkering, reguleringar mellom einingar for leige av personale, felleskostnader og utleige av simulator.

REGNSKAP 2022	BELØP	BUDSJETT	MEIR/MINDRE
Fellesutg	-19 028 670	-43 822 306	
Årsoppgjer (FAS)	-12 539 115	0	
Årsoppgjer (FAH)	-17 358 438	0	
Prosjekt	-12 452 623	0	
Undervisning	127 241 536	125 051 064	2 190 472
Adm/Stab	7 615 567	9 311 000	-1 695 433
Felles			
Førde/Måløy	3 087 409	7 382 171	-4 294 762
Styret	115 891	894 300	778 409
Felles	9 574 199	12 908 036	3 333 837
Adm og leing	-107 131 460	-86 158 174	-20 973 286
Oppdrag	26 287	-1 468 052	-1 441 765
TOTALT	-20 849 417	24 098 039	-22 102 528

Regnskapstala for Fagskulen Vestland for 2022 viser et mindreforbruk i overkant av 6 mill.

Hovedårsaka til avviket er at skoleeigar stoppa planlagde tilsettingar i fleire stillingar, som fagskolestyret hadde vedteken i sitt budsjett for 2022. Omfanget var på fem stillinger, som gir et kostnadsanslag mellom 5 og 6 mill.



Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland		30.03.2023

Årsregnskap 2022 og budsjett 2023

Forslag til vedtak

1. Styret tek årsrekneskap for 2022 til orientering
2. Styret vedtek budsjett for 2023 som det kjem fram av saka.
3. Av fondet på 9,1 mill. vert det brukt om lag 8,160 mill. til investeringar, utstyr og dekkinga av eigenandel som det kjem fram av saka.
4. Dei resterande 900 tusen av fondet vert nytta til mindre investeringar i løpet av året. Rektor får fullmakt til å disponere dette.

Samandrag

I denne saka vert det først lagt fram årsrekneskap for Fagskulen Vestland 2022. Vidare vert det vist forslag til detaljbudsjett for 2023, og til slutt vert det vist forslag til bruk av fondsmidlar 2023.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Torbjørn Mjelstad
rektor

Hege Aarethun
kst. prorektor organisasjon og
samhaing

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det først lagt fram årsrekneskap for Fagskulen Vestland 2022. Vidare vert det vist forslag til detaljbudsjett for 2023, og til slutt vert det vist forslag til bruk av disposisjonsfondet.

Årsrekneskap 2022

Rekneskapstala for Fagskulen Vestland for 2022 viser eit mindreforbruk i overkant av 6 mill. I tillegg vart det overført om lag 3 mill. i frå disposisjonsfondet som vart avsett i 2021.

Det er gjort ei vurdering og sett på årsaka til avviket mellom budsjett og rekneskap. Ei av hovudårsakene til avviket er at planlagde tilsetningar tok lengre tid grunna fylkeskommunen si tilsettingsstopp. Omfanget var på fem stillingar, noko som gir eit kostnadsanslag på mellom 5 og 6 mill. Tilsetjingane vart såleis effektuert seint på året i 2022 og tidleg 2023.

Rekneskapsåret 2022 er første året med samanslått fagskule. Rekneskapen ble slått saman frå 01.08.2023. Rapporten har såleis vært krevjande å sette saman. I Fagskulen i Sogn og Fjordane (FAS) har det vore nytta ein modell for budsjettering og rekneskap på kvart studiestad (dvs. Måløy og Førde), medan Fagskolen i Hordaland (FAV) har budsjettert og ført rekneskap for kvar utdanning for seg.

OPPHAVELEG BUDSJETT 2022

STAD	TILSKOT	VLFK	TOTALT
Hordaland	kr 111 045 071,00	kr 12 785 000,00	kr 123 830 071,00
Sogn&Fjordane	kr 20 206 282,00	kr 10 194 000,00	kr 30 400 282,00
Budsjettregulering		kr 765 575,00	kr 765 575,00
TOTALT	kr 131 251 353,00	kr 23 744 575,00	kr 154 995 928,00

Tabell 1. Opphavelleg budsjett 2022 for Fagskulen Vestland med utgangspunkt i dei gamle einingane.

Budsjettreguleringa som vert vist i tabell 1 inneheld utstyrsmidlar, oppattløyving, parkering, reguleringar mellom einingar for leige av personale, felleskostnader og utleige av simulator.

REGNSKAP 2022	BELØP	BUDSJETT	MEIR/MINDRE
Fellesutg	-19 028 670	-43 822 306	
Årsoppgjer (FAS)	-12 539 115	0	
Årsoppgjer (FAH)	-17 358 438	0	
Prosjekt	-12 452 623	0	
Undervisning	127 241 536	125 051 064	2 190 472
Adm/Stab	7 615 567	9 311 000	-1 695 433
Felles Førde/Måløy	3 087 409	7 382 171	-4 294 762
Styret	115 891	894 300	778 409
Felles	9 574 199	12 908 036	3 333 837
Adm og leing	-107 131 460	-86 158 174	-20 973 286
Oppdrag	26 287	-1 468 052	-1 441 765
TOTALT	-20 849 417	24 098 039	-22 102 528

Tabell 2. Årsrekneskap for Fagskulen Vestland.

Budsjett 2023

Inntektene til Fagskulen vestland består i hovudsak av statlege overføringar som utgjer totalt om lag 135,5 mill. I dette ligg det eit grunntilskot som pr 2023 er 80 000 pr studieplass. Ramma til Fagskulen vestland er berekna både av historiske tal og tildeling av nye studieplassar. Hausten 2020 vart Fagskulen Vestland(gml Hordaland) tildelt i overkant av 78 nye studieplassar, noko som gjer at den statlege ramma vart auka. I den statelege ramma ligg også ein årleg pris og lønnsjustering, samt det resultatbaserte tilskottet som vil variere frå år til år. Dette tilskottet er basert på studiepoeng som fagskulen produserer to år tilbake i tid. 60 studiepoeng gjev om lag 18 000 i resultatbasert tilskot. Dei siste åra har Fagskulen Vestland auka produksjonen, noko som betyr meir tilskot.

I tillegg til dette løyver også Vestland fylkeskommunen midlar i frå eiga budsjett, i 2023 vart dette redusert med ein halv million og er pr 2023 om lag 21,5 mill. For fagskuletilbodet «Mjølkeproduksjon med hjelp av robotteknologi» er det berre tildelt midlar for våren 2023. Fagskulen Vestland driv også med noko kursverksemd som generer ein del inntekter. Inneverande år er inntekta stipulert til om lag 4 mill. Dette er i hovudsak knytt til petroleumsavdelinga vår. Vi har eit tett og godt samarbeid med store offshore aktørar som bruker fagskulen til å kurse sine tilsette. Anna inntekt vil vera utleige av simulatorar til vgs, refusjonar av sjukeløn og fødselspermisjonar.

Begge fagskulane (Sogn og Fjordane og Hordaland) hadde studieavgift på dei samlingsbaserte utdanningane. I Hordaland var den på seks tusen pr studieår, medan den i Sogn og Fjordane var på om lag 16 000 pr år. Satsen vart harmonisert til 6000 pr år for heile Fagskulen Vestland hausten 2022. Rektor meiner at ein offentleg fagskuleutdanning bør vere gratis slik som anna høgare utdanning, og rektor vil i løpet av hausten komme med eit forslag om å fjerne denne avgifta heilt eller halvere den. Dette kan medføre at Fagskulen Vestland må be om auke i driftstilskottet.

Statstilskot (grunn og resultat)	134 545 628
Tilskot VLFK	21 464 000
Studieavgift	7 500 000
Oppdragsverksemd	4 000 000
Refusjoner / andre inntekter	5 814 692
Inntekter totalt	173 324 320

AVDELING	Budsjettforslag 2023
Leiing	6 234 796
Administrasjon	7 382 282
Fagstab	3 406 756
Elektro Nordnes	24 668 623
Grønne og gastronomiske	4 777 069
Bygg (Bygg og KEM)	20 750 492
Anlegg Voss	4 211 837
Maritim Austevoll/Nygård	21 149 361
Maskin/Prosess Nordnes	18 669 506
Petroleum (Boring)	7 627 241
Helse	6 114 312
Bygg Førde	14 697 631
Maskin og Elkraft Førde	12 516 720
Maritim Måløy	9 943 190
Sum avdelingane	162 149 816
Andre utgifter	11 174 504
Sum budsjett	173 324 320

Tabell 3: Detaljert budsjettforslag 2023

Eit av dei viktige prinsippa i samanslåinga var at alle dei 8 studiestadane skulle få moglegheit til å utvikle nye studietilbod, auke tal på studentar og styrka fagmiljøa. Dette for å sikre ein berekraftig struktur.

Det er utvikla eit nytt studietilbod i Måløy, Leiring i havbruksoperasjonar, det arbeidast med å utvikle fleire studietilbod i Ulvik, og ein har utvikla eit nytt studie innan RAS teknologi ved studiestad Austevoll. Dette er ein del av den overordna strategien for 23 til 27 for Fagskulen Vestland. I ein slik samanheng er også eigne budsjett knytt til studiestadane viktig. Vi treng å ha ein god kostnadskontroll og den gjerast best lokalt. Utdanningane har fått tildelt eigne budsjett å styre etter, dei har vore med i prosess med å etablere budsjett og Rektor ønskjer å styrke eigarskapen til desse prosessane. Hovudtyngda av kostnadene er sjølvstøtt løn, det utgjør om lag 90% av kostnadene. Ved nokre utdanningar utgjør det meir enn 90% av kostnadene, avhengig av kor utstyrstung utdanningane er. Dei tyngste kostnadene er simulatorutgifter, desse kostnadene utgjør om lag 3 mill. i året. Dette dekkast over posten fellesutgifter og vert ikkje belasta dei einskilde utdanningane. Simulatorkostnadene er knytt til dei maritime utdanningane og petroleumsutdanninga. Vidare er også eksamenskostnader, utgifter til bygg og kantinedrift lagt under felleskostnader. Utdanningsleiarane skal rapportere på økonomi fire gongar i året.

Budsjettet utdanningane har fått skal dekke løn, reiseverksemd, opplæring/kompetanseheving og mindre utstyr til eiga avdeling. Budsjettet er fordelt etter storleiken på avdelinga.

Disponering av fondsmidlar 2023

Fagskulen Vestland har arbeidet med å kartlegge investeringsbehov rundt på avdelingane og rektor foreslår å investere om lag 8,160 mill i utstyr/inventar for 2023. Det innmeldte behovet er om lag det dobbelte og dette tar skulen med seg i ein investeringsplan for 2024 og 2025.

Fagskulen har kvart år moglegheit til å søkje HK-DIR om løyvingar til investering og utvikling. Dette har skulen også gjort i 2023. Frist for desse søknadane var 10 januar. Dette vart det orientert om i førre styremøte. Fondsmidlar for 2023 er som vist i rekneskapen på om lag 9,1 mill. Rektor ønskjer å disponere totalt om lag 8,160 mill. Det betyr at det vil stå igjen om lag 900 tusen til mindre investeringar i løpet av året. Rektor ber om fullmakt til denne disponeringa.

I tabell 4 under følgjer detaljert forslag til disponering av fondsmidlane for 2023.

Utdanning/område	Omtale	Sum
Felles	Oppgradering av digitale klasserom, nye projektorer med mer	700 000
Felles	Første trinn I profileringsstrategi	200 000
Felles	Markedsundersøkelse	100 000
Nordnes og Førde	Skap til El sykkelbatteri og ladeskap, pålegg etter branntilsyn.	200 000
Nordnes Bygg/KEM	Scanner+GPS	200 000
Nordnes Bygg/KEM	Lydmålingsutstyr	140 000
Hjeltnes	Møblering ved renovering av bygg Digitalt utstyr	400 000
Nordnes, Elkraft	Labutstyr, instrumenter, innredning, oppbevaring og skap, ny kraftsentral	1 500 000
Førde, Elektro og Maskin	Tosøyle strekkprøvemaskin benkmodell datalogging for metall/stål	750 000
Førde, Elektro og Maskin	Oscilloscop m/nødvendig kabel- og koplingsutstyr	80 000
Førde, Elektro og Maskin	"F1 i schools" cad-design (konkurere I cad-design)	70 000

Førde, Elektro og Maskin	Hardhetsmåler m/sonde	170 000
Førde, Bygg/Kem	Fase en i ny KEM LAB	300 000
Nordnes, Maskin, Prosess & RobDig	robotarm+ kamera	350 000
Måløy, maritime utdanningar	10 nye projektorar til simulatorene	1 750 000
Prosjekt som blir avslutta i 2023 Egenandel		1 150 000
Disponering totalt		8 160 000
Fondsmidler 2023		9 100 000
Udisponert 2023		940 000

Tabell 4. Disponering av fond for 2023, investeringar og dekking av egenandel til avslutta prosjekt.

Vedtakskompetanse

Styret er øvste styringsorgan for Fagskulen Vestland jf. fagskulelova § 9. Av vedtektene til fagskulestyret, § 2-1 andre ledd, er styret økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning ved skulen. Styret er også ansvarleg for kursverksemd og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk

Konklusjon

Basert på saksframlegget vil rektor tilrå at styret vedtek budsjett for 2023 slik det kjem fram av saka, vedtek bruk av fond slik det kjem frem av saka og at årsrekneskap for 2022 vert teke til orientering.